

Miljøeffekter

Aktiviteten omfattar mellom anna drift av genetikklaboratoriet, forvaltningssystem for matfiskanlegg (MOM) og arbeid knytt til rømt oppdrettsfisk og undersøkingar av gentransport frå rømt oppdrettslaks til villaks.

Som ein del av forvaltningssystemet MOM er det utvikla eit program for miljøovervaking av matfiskanlegg. Programmet er sett saman av tre undersøkingar og intensiteten i overvakinga aukar med aukande påverknad. Programmet legg hovudvekta på anleggsområdet der påverknaden er størst, men dekkjer òg områda omkring anlegga. Programmet er teke i bruk av fleire oppdrettarar, og tilbakemeldingane er positive.

Gentransport frå rømt oppdrettsfisk til villaks er eit særskilt aktuelt problem. Eit prosjekt med aure som modellorganisme viser innkryssing i reine populasjonar. Samstundes viser resultatane at same utsettingsmateriale kan ha ulik genetisk påverknad i to ulike populasjonar, avhengig av tilstanden elles. Ei breitt samansett forskargruppe ved Havforskningsinstituttet utarbeidde ein høyringsuttale til NOU 1999:9; Villaksutvalet.